

## Feira brannstasjons-vedtaket med kake.

22.06.2020



Gaute Moberg(f.v.), Tor Øystein Myklebust, Kenneth Stensletten, Sindre Eidsvik, Stian Haugland og Kjell Harald Tungesvik utgjør ein særskild kompetent brannropp saman med Kristian Haugen og Roy Helge Døssland.

**- Dette er ei gladsak som er så stor og viktig for bygda at det er vanskeleg å forstå. Det står om liv og helse, vart det sagt blant gjestene då Uskedal Utvikling inviterte til feiring av kommunestyrevedtaket om at Uskedal brannstasjon skal bestå. Saka om brannstasjonen har skapt svært stort engasjement i bygda, og glede var svært stor då kommunestyret sist torsdag gjorde vedtak om at det framleis skal vera brannstasjon her i bygda.**



Mandag vart kommunestyrevedtaket om at Uskedal brannstasjon skal bestå feira med kake.

Det var Uskedal Utvikling som inviterte til feiring av det særst viktige vedtaket mandag kveld. Dei tilsette ved Uskedal brannstasjon var sjølvst heidersgjestene, men lag, næringsdrivande og privatpersonar som hadde engasjert seg i den viktige saka, m.a. med lesarbrev, var også invitert.

Leiar i Uskedal Utvikling, Gunn Mari Moberg, ønskte vekommen og refererte til mange og ulike oppdrag dei tilsette ved brannstasjonen hadde hatt både her i bygda og i andre bygder dei seinare åra. Ho sa at dette viste kor viktig det var at brannstasjonen no vert oppretthalden.

- Vi har ikkje lyst til å ha bruk for dåke, men vi vil aksoltt ha dåke for den tryggheten de gir, sa ho mellom anna før ho overlet ordet til kommunepolitikar Jostein Saghaug (MDG) som fortalde om den politiske prosessen i saka.



Varabrannteister Gaute Moberg forsyner seg med eit velfortent kakestykke.

Deretter fekk brannteister Tor Øystein Myklebust ordet. Han takka for fine ord frå Gunn Mari og Jostein, og for det store og viktige engasjementet som mange i bygda hadde vist i saka. Han sa vidare at det er mange meiningar om korleis brannteister kan organiserast best. Derfor var han spent då saka kom opp. Den gode støtta som det store bygdeengasjementet gav dei som jobba ved stasjonen, sette han veldig stor pris på. Etter vedtaket vert det ei ny tid. Uskedal brannteistasjon vert oppgradert etter dagens krav. Han la til at Kvinnherad brann og redning har hatt ei flott utvikling dei seinare åra, og dette gir trygghet.

Han rosa også dagens branntropp som består av 8 unge deltidstilsette. Dei er svært kompetente og positive, dei ofrar mykje fritid for ei lita godtgjerdsløst, og er i tillegg godt skulete. I den samanheng nemnde han at alle er røykdykkarar. Dei har ei fast øving i månaden der to timar er betalt, resten er dugnad. Det er svært godt framme både på øvingar og på utrykningar. Som deltidbrannteistesen skal dei møte når dei har mulighet, og derfor er det viktig å oppretthalde talet på 8 tilsette. Det vert også ei rimeleg løysing. Eit moment han også nemnde var at dei med si sentrale beliggenhet ofte bidrar ved utrykningar både innover og utover i kommunen. Han sa også at dei no vert utkalla til forskjellige hjelpeoppdrag, ikkje berre brann.

Gunnar Myklebust som i mange år har jobba innan ambulansetenesta, har sett mange døme på dette, og han har engasjert seg sterkt i saka om brannteisterstrukturen i kommunen. Han nemnde m.a. at ved t.d. ein hjartestans i Uskedalen ville dei brannteilsette kunna vera avgjerande for å redde liv.

-Dei har kompetansen, og vil i dei fleste tilfelle vere framme ei god stund før ambulanseteistesen, sa Gunnar Myklebust.

Myklebust viste også til at vi no har ein ung, svært positiv og kompetent branntropp. I den samanheng nemnde han garasjebrannen nyttårsafta der 6 mann kjøpt var operative på sjølvaste nyårskvelden. Det er imponerende, og førsteinnsatsen der fekk truleg stor betydning.



Nytilsett feiar og brannkonstabel Sindre Eidsvik og brannmeister Tor Øystein Myklebust.

Etter gode ord serverte så Uskedal Utvikling marsipankake, kaffi og twist. Eit flott tiltak av Uskedal Utvikling, og ei viktig markering av at tryggheten med å ha brannstasjon i bygda lever vidare.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland